LINDÅS KOMMUNE

Byggesak
Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Knarvik Senterutvikling AS

Knarvik senter
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.	**Sakshandsamar:** Benjamin Hicks
Vår ref. 2009/176 - 0 - 18321/2010	**Telefon** 56375000
Arkivkode: 188/763	**Dato:** 07.07.2010

Mellombelsbruksløyve - parkeringshuset - Gbnr. 188/763 – Knarvik senter.

Det vert vist til søknad om mellombels bruksløyve, motteke 22.06.2010.
I samsvar med plan- og bygningslova § 99 vert det her gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket.

Spesifikasjon.

Byggestad:	Gnr. 188 bnr. 763.
Type tiltak:	Parkeringshus/forretning. Heile tiltaket.
Vedtak:	Delegert sak handsama 08.04.2009.
Ansvarleg søkjar:	Arkitekt Rolv Eide AS, Pb, 325, 5343 Straume.
Tiltakshavar:	Knarvik Senterutvikling AS, Knarvik senter, 5914 Isdalstø.

- Vi gjer merksam på at kontrollerklæring frå Node Rådgivende Ingeniører AS ikkje er motteke for funksjonen KUT for Spennarmering.
- Vi gjer merksam på at brannanlegget var gjort ferdig og klar til å verte teke i bruk ført i dag den 07.07.2010.
- Vi gjer merksam på at det kan sjå ut som at Magnus M Thunestvedt AS ikkje har fått noko ansvarsrett. Søknad om ansvarsrett er sendt inn men ikkje gjeve.
- Vi gjer merksam på at dette løyvet ikkje gjeld bruk av fettuskiljar som handsamast av Teknisk Drift.

Merknader

- Mellombels bruksløyve er gjeve på grunnlag av mottekne kontrollerklæringar. Manglar som er oppført der, må verte retta før det vert gjeve ferdigattest.
- Før det vert gjeve ferdigattest må det verte sendt inn opplysningar om kontroll av endeleg byggplassering med koordinatar.
- Før det vert gjeve ferdigattest så skal gjenståande manglar rettast opp.
- Ved endringar/avvik skal "som-bygd-teikningar" leggjast fram før ferdigattest kan gjevast.
- Særlege vilkår i byggeløyve må vere tatt vare på.
- Det må ikkje vere manglar ved dei tilhøyrande fasilitetar, slik som mellom anna postlevering, oppsamlingsplass for boss, parkering og areal for opphald utomhus.
  Terreng skal vere ferdig planert med fall frå bygning.
- Tryggleik i samsvar med TEK§7 (Brann), skal vere gjennomført.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Kopi til:
- Tiltakshavar
- skattvest@skatteetaten.no
- ngir@ngir.no
- KEI@lindas.kommune.no